



Norsk friluftsliv  
Nedre slottsgate 25

Sakshands.: LAK      Vår ref.: 14/1158-19      Dykkar ref.:      Dato: 23.06.2015  
Direktetlf.: 56327521      Arkiv: 245

### KÅRING AV SUND KOMMUNE SITT MEST ATTRAKTIVE FRILUFTSLIVSOMRÅDE

**Sund kommune har i møte 04.06.15 kåra turløypa *Ord i spreke spor* til Sund kommune sitt mest attraktive friluftslivsområde.**

**Samtidig vil Sund kommune nominera *Ord i spreke spor* til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.**

Sund folkebibliotek har i samarbeid med Sund turlag, Stranda skule, Sund ungdomsskule, Stranda barnehage, lokale kunstnarar og eldsjeler laga ei kulturløype på 6 km. Løypa går frå Stranda skule til Storevarden med postar og installasjonar som inviterer til fysisk aktivitet og mangfaldige kulturopplevingar. Turgårarar, skuleelevar og barnehagebarn har fått eit friluftsområde som stadig vil forundra og skapa glede. Gjennom quizar, praktiske oppgåver, geocaching og landskapskunst er det interessant å ta turen og bruka heile området ofte. Dataspelet *Ingress* er eit dataprogram som særleg appellerer til ungdom. Dei må ut i naturen for å aktivera programmet. Det skal også utviklast ein tur-app i løpet av 2015.

Målet med løypa *Ord i spreke spor* er å knyta fysisk aktivitet til natur-, kultur- og litteraturopplevingar i terrenget, og er samtidig ei folkehelsesatsing i *Friluftslivets år*. Ordførar Kari-Anne Landro var tydeleg på det i si tale på opningsdagen 3.juni 2015.

Løypa har særleg fokus på kysttrubaduren og sundsokningen Johannes Kleppevik sine songar og tekstar, men skal også formidla den lokale kystkulturen på generell basis.

Den største attraksjonen i friluftsområdet er gigantgitaren som er designa av Øyvind Heggstad og bygd i lag med Reidar Vorland frå turlaget. Anna Elisa Tryti, fylkesdirektør for kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune, sa i den offisielle opningstalen at gitaren allereie har fått merksemd langt ut over kommune- og fylkesgrensene. Både lokalavisa Vestnytt, Kystradioen, NRK Hordaland og Bergen og Hordaland turlag har hatt fyldige reportasjar og intervju med prosjektleiar og kunstnar, og det er laga videoar som ligg på nettet. Gitaren ligg tett til skular og barnehage og vil i den samanheng fungera godt som kulturarena for ulike arrangement i kommunen. Biblioteket og turlaget har eit felles ansvar for nyskaping, aktivitet og vedlikehald av friluftslivsområdet i åra framover.

Kåringa av det mest attraktive friluftslivsområdet i Sund kommune, Hordaland, er gjort etter retningslinene som er forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan (2015 2025) og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområde:

- **Lokalisering**

*Ord i spreke spor* er ei løype som går frå Stranda skule til Storevarden i Sund kommune. Den ligg nær Stranda barnehage, Stranda skule og Sund ungdomsskule. Løypa startar rett bak symjehallen ved barneskulen.

- **Brukargrupper**

Stranda skule har 340 elevar, ungdomsskulen har 250 elevar og barnehagen har plass til 90 barn. Alle vil bruka området minimum 3 gonger i organiserte opplegg, ca 2000 brukarar. Etter som løypa ligg i eit område med den sterkaste folkeveksten i kommunen, er området ideelt for barnefamiliar og funksjonsfriske eldre. Sund sitt innbyggjartal nærmar seg 7000 og mange i og utanfor kommunen vil vera flittige brukarar. I nærleiken ligg også Panorama konferansehotell som vil nytta løypa til sine gjestar. Vi kan finna tal på dei som går til Storevarden på slutten av året etter klipp i Kystpasset og signering i turboka.

På opninga av løypa 03.06.15 myldra det av folk i alle aldrar i og utanfor Strandakrinsen, bortimot 300 med smått og stort. Vi veit allereie no at det er stor interesse for å bruka området.

- **Tilrettelegging**

Sund turlag har lagt ned mykje arbeid med tilrettelegging. Det er ein universelt utforma grusveg opp til gitaren som du kan gå eller trilla over. Etter det er det ein vanleg tursti med skilting og infotavler. Når turgåarar er ute i landskapet kan dei gå vidare til Vetén (Sund kommune sitt høgaste punkt) og vidare langs godt merka stiar over og rundt Vetén. Det er godt med parkeringsplass ved skulane.

- **Tilkomst**

Mange kan gå og sykla trygt frå Kleppe, Forlandsvågen, Håkonsund, Austefjorden og Lauvåsen. Det er busshaldeplass ved ungdomsskulen.. Ein kan også koma sjøvegen til Forlandsvågen og Panorama konferansehotell og gå derifrå.

- **Aktivitetar**


Det er lagt opp til aktivitet heile året med arrangement, organiserte turar og eigenaktivitet. Stranda SFO er i aktivitet i området kvar dag. Løypa vil vera i bruk heile året med skiftande aktivitetar. SFO har deltatt i eit prosjekt om nærmiljøkvalitetar i regi av Helsedirektoratet og laga ei aktivitetsløypa tett opp til denne løypa og vert såleis eit supplement.

- **Natur-og kulturhistoriske opplevingskvalitetar:**

Infotavlene formidlar naturkvalitetar og kulturhistoriske fakta. Det er ein sjeldan fin steingard som skil gardane Forland og Steinsland som ein kan lesa om på Storevarden. Det er også ei fantastisk historie med illustrasjon som fortel kvifor eit vatn langs løypa har fått namnet *Trollavatnet*. Elles er tilleggsverdiane det som er skildra over i prosjektet *Ord i spreke spor*.

Sund kommunestyre godkjende valet av det mest attraktive friluftsområdet i møte 16.06.15.

Med venleg helsing  
Kari-Anne Landro  
Ordførar

  
Laila Klemetsaune  
Leiar Kultur

Kopi til:  
Det kongelege klima og miljødepartementet  
Miljødirektoratet  
Hordaland fylkeskommune

Pb 8013 Dep                      0030 Oslo  
Pb 5672 Sluppen                7000 Trondheim  
Pb 7900                            5020 Bergen